



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD
Møtestad: Klingenberg Hotel, Årdalstangen
Møtedato: 22.02.2013 **Tid:** 09:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0930 Ordførar Arild Ingar Lægreid ønskjer velkomen
- Oppmøte
 - Godkjenning av innkalling og sakliste
 - Godkjenning av møteprotokoll frå møte 25.1.13
 - Handsaming av saker i Sogn regionråd
 - Fagleg utgreiing om organisering av vidaregåande opplæring
Prosjektleiar Wiggo Hustad, Deloitte
 - Orientering om prosjektet Lokalmedisinsk senter
Rådmann Alf Olsen
- 1200 Lunsj
- 1300 Orientering om prosjektet «Flytt til Hardanger»
Dagleg leiar Leiv Vambheim, Hardangerrådet
- 1400 Regional og lokal utvikling og vekst basert på fornybar energi. Eit EU prosjekt
Prosjektleiar Jøril Hovland, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane
- 1445 Vel heim

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
4/13	12/3880-3 Organisering av vidaregåande opplæring - fagleg utgreiing (vert ettersendt)
5/13	12/3165-12 Båtruter Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal - rapport
6/13	12/2273-12 Regional analyse Sogn
7/13	13/266-3 Orienteringssaker 22.2.2013

Sogndal, 11. februar 2013

Noralv Distad
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 12/3165

Arkiv: N30

Saknr.: Utval
5/13 Sogn regionråd

Møtedato
22.02.2013

Sak 5/13

Båtruter Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal - rapport

Tilråding:

Sogn regionråd tek arbeidsdokument om båtruter mellom Aurland og Sogndal og Vik og Sogndal til vitande.

Vedlegg:

Arbeidsdokument - Nye båtruter mellom Aurland og Sogndal og mellom Vik og Sogndal, Transportøkonomisk Institutt

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Å utgreia kombinert skule-, pendlar- og turistbåt Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal er eitt av tiltaka i tiltaksplanen i 2012 for å styrka felles bu- og arbeidsmarknad. Sogn regionråd vedtok å bestilla ei utgreiing i møtet 14.9.12.

Transportøkonomisk Institutt har vurdert passasjergrunnlaget for rutene, kostnadane, kor mykje billettinntektene kan finansiera rutene og moglegheitene for å samordna rutene med å trafikker med ein båt. Reisetid for båt er samanlikna med reisetid for buss. Aktuelle tilbod til turistar utanom morgon- og ettermiddag er teke med.

Vurdering:

Passasjerane dekkjer ein liten del av dei totale kostnadane. For båtruta Aurland-Sogndal dekkjer fylkeskommunen 23%, medan Aurland kommune dekker om lag $\frac{3}{4}$ av kostnadane. Med tilsvarande båt mellom Vik og Sogndal vil fordeling av kostnadsbidraga bli den same.

Rutene er tilpassa elevane sin timeplan. Rapporten viser at det er låg etterspørsel frå arbeidsreisande i Aurland, og vurderer at etterspørselen frå arbeidsreisande i Vik vil vera liten. Elevane vil ta opp stor del av kapasiteten på begge rutene. I og med at etterspørselen etter arbeidsreiser er låg, viser TØI til at eit tilbod med større hurtigbåt vil innebære ein vesentleg finansiell risiko for kommunen.

I sommarferien og i skuldresesongen kan båten setjast inn for å gje tilbod til turistar, men kostnaden vil vera høgare samanlikna med større båtar som elles trafikkerer i fjorden. Derimot vil det vera mogleg å konkurrera med større båtar og få dekt sine kostnader om selskapet i staden tilbyr charterturar.

Konklusjonane frå arbeidsdokumentet vart drøfta i samferdslegruppa i møtet 8. februar.

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 12/2273

Arkiv: 130

Saksnr.: Utval
6/13 Sogn regionråd

Møtedato
22.02.2013

Sak 6/13

Regional analyse Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd tek Regional analyse Sogn til vitande.

Vedlegg:

Regional analyse Sogn, Telemarksforsking 2012

Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok i møtet 25.6.12 å tinga ein næringsanalyse for å få informasjon om befolkningsutvikling, arbeidsplassutvikling, utviklingstrekk og prognoser for regionen. Rapporten inngår i arbeidet med regionalplanen som no er på høyring i kommunane.

Rapporten frå Telemarksforsking viser at Sogn har hatt låg vekst i folketalet og veksten har vore langt under veksten på landsbasis. Sogndal skil seg ut med ein høg folketaletsvekst, medan fleire av dei andre kommunane i regionen har nedgang i folketalet. Arbeidsplassutviklinga i Sogn er svak og har vore 2,3% sidan 2000, medan den på landsbasis har vore 13,3%.

Regionen har ein ugunstig næringsstruktur ved at ein stor del av næringslivet er i bransjar som har hatt svak vekst eller nedgang. Regionen har låg arbeidsmarknadsintegrasjon. Det er ein del pendling mellom kommunane i regionen, men lite pendling ut og inn av regionen. Samla sett er Sogn ein region som er næringsmessig sårbar.

Sogn ligg som nummer 20 av 83 regionar i siste NæringsNM, og det er den beste plasseringa regionen har hatt i NæringsNM. Det er mange nyetableringar i Sogn og ein høg del av føretaka har vekst. Sogndal gjer det særleg bra og er nummer fire av samtlege kommunar i landet. Telemarksforsking utfører målinga for NHO, og rangeringa er omtalt i analysen.

Sogn vert karakterisert som ein bedriftsregion, der busetjinga først og fremst er basert på produksjon i basisnæringane. Sogn er ikkje ein besøksregion og også i liten grad ein bustadsregion fordi det er lite pendling ut av regionen.

Kommunane har ulike profilar: Årdal og Vik er utprega bedriftskommunar. Sogndal og Aurland er utprega besøkskommunar. Lærdal, Luster og Balestrand er rangert noko over middels av norske kommunar for besøk. Telemarksforsking karakteriserer Luster, Balestrand og Lærdal som allroundere. Leikanger får ein spesiell profil ved tilsynelatande å mangla alle dei tre attraktivitetsdimensjonane. Dette kjem av at det er lokalisert mange statlege og fylkeskommunale arbeidsplasser i kommunen.

Telemarksforsking viser at det å ha kommunar med ulik profil i ein region kan vera ein styrke. Det betyr at vi må ha ein regional utviklingsstrategi som tek omsyn til dette. Ein strategi er å forsøke å styrke kommunane der vi er gode frå før. Ulempa med denne strategien er at det vil auke dei enkelte kommunane sin sårbarheit, men Telemarksforsking viser til at det kan hende at det likevel er tenleg for regionen samla sett.

Analysen viser scenarier for folketalsvekst dersom Sogn oppnår arbeidsplassvekst og betring av bustadsattraktiviteten. Sogn vil få høgare arbeidsplassvekst enn regionen har hatt i den siste tida. Telemarksforsking meiner at det mest sannsynlege scenariet er ein folketalsvekst på 18,5% fram til 2040. For at regionen skal kunne ta del i den forventa veksten i Noreg, er det er viktig at Sogn lukkast med næringsutvikling og ein betring av bustadsattraktiviteten.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 13/266

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
7/13 Sogn regionråd

Møtedato
22.02.2013

Sak 7/13

Orienteringssaker 22.2.2013

Orienteringar og drøftingar

1. Prosjekt lokalmedisinske senter
Rådmann Alf Olsen
2. Prosjekt «Flytt til Hardanger»
Dagleg leiar Leiv Vambheim, Hardangerrådet
3. Regional og lokal utvikling og vekst basert på fornybar energi. Eit EU prosjekt
Prosjektleiar Jøril Hovland, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane
4. Helsegruppa, reiselivsgruppa, RUP-gruppa og samferdslegruppa
5. Rådmannsgruppa
6. Administrasjonen

Skriv og meldingar

1. Regionalt bygdeutviklingsmidlar – høyringssvar
2. Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023 – innspel til handlingsprogram



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Regionalt Bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016 - høyringsvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd meiner at bygdeutviklingsprogrammet har gode ambisjonar som «ingen» vil vere motstandar av, - men at det er litt vagt på konkrete tiltak.

Regionalt næringsprogram:

- Det er viktig at ordningar , t.d. BU-midlar kjem små bruk til gode. Alle virkemiddel må tilpassast små einingar. Små driftseiningar er svært viktige for å ta vare på og vidareutvikle landbruket i Sogn og Fjordane og levande bygdesamfunn. Mange ordningar innafor t.d. Innovasjon Norge er lite hensiktsmessige t.d. investeringstilskot til frukt og juletre som krev større satsingar enn mange aktive bønder på små bruk har høve til. Krava er tilpassa mykje større bruk enn vi har i Sogn og Fjordane og/eller entreprenørverksemd. Det må vere mogeleg å få støtte til tiltak som står i forhold til garden sine mogelegheiter og bonden sitt investeringsønske.
- Det må satsast meir på verdiane i skogen. Det er trong for auka skogkompetanse i kommunane i Indre Sogn for å legge til rette for auka skogsdrift i regionen. I samband med hogst er det viktig at det skjer overordna oppfølging for at forynging/planting vert gjennomført.
- Det er ønskjeleg å leggje til rette for og støtte samarbeid over kommunegrensene for å få til ei varig og viktig næring med «Inn på tunet» for bonden og lokalsamfunnet.
- «Bu-lyst-prosjektet i Luster» – at folk må bu i alle hus- må vere eit satsingsområde for heile Sogn og Fjordane, og er eit viktig bygdeutviklingstiltak.
- Det er viktig å legge til rette for gode måtar å auke kunnskapen blant yrkesutøvarane, særleg med tanke på at mange som vil ta over gardar har vald ein annan utdanning og yrke som kjem ved sida av / i tillegg til gardsdrift. Dei må ta landbruksutdanning «på si» når dei tek over garden.

Regionalt miljøprogram:

- Har gode ordningar som gjerne kan halde fram, særleg er ordningane knytta til bratt areal og organisert beitebruk viktige.

- Det er viktig å støtte tiltak for å ta vare på slåtte – og beitemarker med stort biologisk mangfald. Her er det trong for ekstra midlar som kan og vil gjere ein innsats for denne naturtypen.
- Det kan vere hensiktsmessig å involvere alle kommunar i ordninga med miljøvenleg gjødselspreiing.

Regionalt klimaprogram:

- Det er viktig at det vert jobba for å gjere tilpassingar i landbruket, meir grøfing , betre driftsveggar, lettare maskinar og utstyr m.m. som kan gjere det greitt å drive landbruk i eit endra klima.
- Vi må arbeide vidare med FOU og tiltak slik at landbruket ikkje bidreg meir enn det som er nødvendig til klimaendring.

Med helsing

Noralv Distad
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Karina Nerland
dagleg leiar
(sign)